

HYDRO ENERGI AS

0240 OSLO

Vår dato: 29.04.2022

Vår ref.: 202206108-11 Oppgi ved førespurnad

Dykkar ref.:

Sakshandsamar

George Nicholas Nelson

genn@nve.no

NVE gjev mellombels løyve til tapping av Øvre og Nedre Grønevatn magasin under LRV - utvida løyve

NVE syner til vårt vedtak av 8. april 2022 om løyve til mellombels avvik frå manøvreringsreglementet for Øvre og Nedre Grønevatn, og dykkar søknad av 22. april 2022 om ei utviding av tidsfristen for magasinvasstand under LRV.

Bakgrunn

Hydro Energi søkte den 21. mars 2022 om løyve til å få tappe Nedre Grønevatn 1,7 m og Øvre Grønevatn 2,0 m under LRV, i perioden 19. april – 1. mai 2022. Bakgrunnen for søknaden var ynskje om fysisk inspeksjon av tappelukene i begge magasinane, då Hydro Energi har mistanke om lekkasje frå tappelukene. Slike lekkasjar kan føre til at ein får magasinvasstand under LRV.

NVE sendte søknaden på høyring til lokale styresmakter for å få deira syn på saka, men ingen av høyringspartane sendte inn fråsegn innan fristen den 5. april 2022. Etter at fristen gjekk ut fekk NVE fråsegn frå Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland. Ingen av partane var imot å gje Hydro Energi mellombels løyve i tråd med søknaden.

I vårt vedtak av 8. april 2022 fekk Hydro Energi løyve til å senke og holde vasstanden i Øvre Grønevatn og Nedre Grønevatn inntil høvesvis 2,0 m og 1,7 m under LRV. Løyvet er mellombels for perioden frå 19. april til 1. mai 2022.

Om søknaden

I telefonsamtale den 20. april 2022 opplyser Hydro Energi v/Kristen Rockland Aarethun at ein ikkje klarar å fylle magasinane opp til LRV innan 1. mai. Vi bad difor Hydro Energi om å sende NVE ein skriftleg søknad om ei utviding av perioden under LRV, og at dei kommenterer Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland sine fråsegn til den opphavlege søknaden av 21. mars 2022.

NVE siterer fylgjande frå søknaden av 22. april 2022:



Formuleringa i søknaden datert 21.03.2022 er noko uheldig med tanke på tidsspennet for vasstand under LRV. Hydro Energi vil som avtalt innan 01.05.22 sette lukene i stengt posisjon både i Øvre og Nedre Grønevatn. Magasina vil då fylle seg opp, men sidan dette er magasin som ligg høgt vil det eine og aleine vere snøsmelting og tilsig som er avgjerande for når ein kjem opp til LRV igjen. Med omsyn til dette har Hydro Energi sett på tidlegare trendar og magasinutvikling med stengte luker, og finn at ein truleg er oppe på LRV igjen i midten av juni 2022.

Hydro Energi registrerer at Vestland Fylkeskommune har kome med eit høyringsutspel. I deira konklusjon kjem det fram at Hydro Energi bør vurdere pumping av vatn over dammen i Nedre Grønevatn for at naturmiljø nedstrøms ikkje skal bli nemneverdig påverka. Det er viktig for Hydro Energi å påpeike at tiltaket i 2022 med Nedre og Øvre Grønevatn under LRV ikkje gjev nokon unormal driftssituasjon utover det som er vanleg. Vanleg praksis er stengt luke i Øvre og Nedre Grønevatn i påvente av tilsig i snøsmeltinga og fylling av senkingsmagasinet vår/sommar før tapping på hausten. Såleis vil dette tiltaket våren 2022 medføre at ein skyv magasinfyllinga noko ut i tid.

Då det gjeld utsetting av fjellaure som nemnd av Vestland fylkeskommune så skjer dette i august/september, med 200 aurar i Nedre Grønevatn og 400 aurar i Øvre Grønevatn. Tiltaket påverkar ikkje dette på noko vis.

Hydro Energi ynskjer å søkje om utviding av tidsfristen med magasinvasstand under LRV til 20.06.2022. med omsyn til argumentasjonen over. I dette ligg det også ein tidsbuffer, slik at Hydro Energi forventar at ein er oppe på LRV før denne tid, men ynskjer å søkje om 20. juni 2022 for å unngå nok ein utsetting av tidsfrist.

Høyring

På grunn av det avgrensa omfanget saka har, er ho ikkje kunngjort lokalt. NVE sendte søknaden på høyring til lokale styresmakter for å få deira syn på saka, og meiner at saka er godt nok gjort greie for ved dette.

Luster kommune har ikkje sendt inn fråsegn.

Statsforvaltaren i Vestland uttalar i e-post sendt 26. april fylgjande:

Statsforvaltaren i Vestland har ikkje avgjerande merknader til at tidsrommet for avviket frå manøvreringsreglementet blir forlenga til 20. juni 2022.

Vi viser elles til brevet vårt datert 8. april i år med fråsegn til den opphavlege søknaden.

Vestland fylkeskommune uttalar i e-post sendt 26. april fylgjande:

Vestland fylkeskommune har ingen merknadar til at magasinfyllinga tek lengre tid, og at Hydro får utsett frist til 20. juni 2022.



NVE si vurdering

Konsesjon for erverv og regulering i Fortun og Grandfastavassdragene vart gjeve ved kgl. res. av 1. juli 1960. Ved kgl. res. av 9. mars 1962 vart det fatta vedtak om planendring for eit par vatn i manøvreringsreglementet, blant anna Øvre Grønevatn. Gjeldande grenser for høgaste regulerte vasstand (HRV) og lågaste regulerte vasstand (LRV) i dei aktuelle magasinane i manøvreringsreglementet er som fylgjer:

Magasin	HRV	LRV
Øvre Grønevatn	1332,5	1312,5
Nedre Grønevatn	1297	1277

Hydro Energi har fått mellombels løyve til å senke og holde vasstanden i Øvre Grønevatn og Nedre Grønevatn inntil høvesvis 2,0 m og 1,7 m under LRV, i perioden frå 19. april til 1. mai 2022.

I søknaden av 22. april opplyser Hydro Energi at tappinga har byrja og at vasstanden er under LRV både ved Øvre og Nedre Grønevatn. Dei opplyser også at arbeidet går som planlagt, og at inspeksjon vert utført før 1. mai.

Hydro Energi opplyser at dei vil sette tappelukene i stengt posisjon både i Øvre og Nedre Grønevatn innan 1. mai. Magasina vil då begynne å fylle seg opp, men sidan magasinane ligg høgt vil det berre vere snøsmelting og tilsig som er avgjerande for når ein kjem opp til LRV igjen. Både Øvre og Nedre Grønevatn er senkingsmagasin. Hydro Energi har sett på tidlegare trendar og magasinutvikling med stengte luker, og finn at ein truleg er oppe på LRV igjen i midten av juni 2022.

For å ha ein tidsbuffer for tidsnok oppfylling til LRV søker Hydro Energi om løyve til å halde vasstanden i Øvre og Nedre Grønevatn under LRV til 20. juni 2022.

NVE kan gi løyve til avvik frå manøvreringsreglement i medhald av vassressurslova § 8 når føremålet er naudsynt reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket går etter vårt syn inn under dette føremålet.

Med bakgrunn i begge søknadane frå Hydro Energi og innkomne høyringsfråsegn, og ved å ta omsyn til gjevne vilkår, kan ikkje NVE sjå at nedtappinga vil vera til nemneverdig skade for nokon kjende allmenne interesser eller dei økologiske høva i vassdraget.

NVE meiner at vurderingane er i samsvar med dei prinsippa i naturmangfaldlova som skal ivaretakast når det vert gjort vedtak, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. NVE vil i det høve påpeike at tiltaket er avgrensa i tid og nødvendig for å sikre at krava til lågaste regulerte vannstand i magasinane blir etterlevd. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.



Konklusjon

NVE gjev løyve til at Hydro Energi AS kan senke og holde vasstanden i Øvre Grønevatn og Nedre Grønevatn i Luster kommune inntil høvesvis 2,0 m og 1,7 m under LRV, i perioden frå 19. april til 20. juni 2022. Løyvet er gjeve i medhald av vassressurslova § 8.

Løyvet blir gjeve på desse vilkåra:

- Alle endringar i vassføringa skal skje med mjuke overgangar.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under LRV.
- Perioden med vasstand under LRV må gjerast så kort som mogleg. Oppfylling til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.
- Hydro Energi AS skal informere om fråviket gjennom skilting ved tiltaksområdet og på relevante nettsider.
- NVE føreset at Hydro Energi AS har ordna dei privatrettslege tilhøva som eventuelt måtte bli skadelidande som en følgje av tiltaket.
- Instrument for registrering av vasstand inntil 0,5 m under LRV skal etablerast samstundes med at magasinet likevel er nedtappa, dersom slikt utstyr ikkje alt er etablert. Jf. Punkt 4.5 i retningslinjer av 20.06.2016 for registrering av vasstand i reguleringsmagasin.

Om klage og klagerett

Sjå vedlegg om rett til å klage.

Med hilsen

Inga Katrine Johansen Nordberg
direktør

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

HYDRO ENERGI AS

Kopimottakarliste:

LUSTER KOMMUNE

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none">• Skrive kva for vedtak du klagar på.• Skrive kva for eit resultat du ønsker.• Opplyse om du klagar innanfor fristen.• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.